



Ole Tundal Bakkebø
SKANSELIEN 33
5031 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1534 - 22/57341

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
18.07.2022

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 58/9 Lygren indre

Tiltak: driftsbygning i landbruket
Byggjestad: Gbnr: 58/9
Tiltakshavar: Ole Tundal Bakkebø
Ansvarleg søkjar:

Kommunen har vurdert dokumentasjon i sak, og finn at det er naudsynt med ytterlegare dokumentasjon. Viser særleg til mangelbrev sendt 20.06.2022 og ditt svar pr. e-post datert 05.07.2022. Etter ny gjennomgang finn kommunen at det er naudsynt med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad må supplerast med dispensasjon frå byggegrense mot sjø jf. plan- og bygningslova (pbl).§1-8.

Det ligg byggegrense i kommunedelplan for delar av bygg på tunet, samt rundt sjøbu. Tiltak er plassert utanfor desse byggegrensene, og det er dermed pbl.§1-8 som er styrande. Tiltak ligg nærmare sjø enn 100 meter, og det er dermed naudsynt med dispensasjon.

Du viser i svarbrev til vurdering i førehandskonferanse i fjor datert 06.07.2021. Det er i referat frå førehandskonferanse kryssa av for at tiltak krev dispensasjon frå pbl.§1-8.

2. Du skriv i svarbrev datert 05.07.2022 at du ynskjer å klage på den delen av vedtaket som slår fast at tiltak krev dispensasjon. Det er enno ikkje gjort noko vedtak i denne saka som er klagerett på jf. forvaltningslova (fvl.) §28. jf. fvl.§2 b).

Det er krav om dispensasjon for å handsame denne saka. Søknad må dermed supplerast med naudsynt dokumentasjon. Alternativt må søknad trekkjast, og dermed avsluttast utan handsaming.

3. Både søknad om tiltak, samt søknad om dispensasjon, krev nabovarsling. Dette kravet følgjer av pbl.§21-3. Søknad må supplerast med opplysningsskjema og kvitteringsskjema for nabovarsling.
4. Vedlagt situasjonskart må utbetrast. Situasjonskart må vise avstand til nabogrenser, sjø, og andre nærliggjande bygg for kvart av tiltaka. Ytre mål på tiltak bør gå fram av situasjonskart.

Sjå vedlegg og lenkje lagt ved i mangelbrev 20.06.2022 som viser til det same kravet.

5. Vedlagt teikningsgrunnlag av driftsbygning må utbetrast noko slik at mål og omriss går tydelegare fram. Dette gjeld planteikning av bygget. Det må vidare leggjast ved planteikning av andre etasje på bygget.

Eventuelle terrenginngrep må synleggjerast på teikning.

Syner elles til same krav stilt i mangelbrev av 20.06.2022.

6. Viser til krav om at søknad må supplerast med informasjon om BRA og BYA for kvart av tiltaka, jf. mangelbrev av 20.06.2022. Denne informasjonen er framleis naudsynt. Kravet er ikkje sett av kommunen, men følgjer av SAK10 §5-4 bokstav d).

I svarbrev viser du til at eine tiltaket har BRA og BYA på om lag 25 m². Ber om stadfesting på om dette er rett mål av tiltak, samt informasjon om BRA og BYA for driftsbygning.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **24.08.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ole Tundal Bakkebø

SKANSELIEN 33

5031

BERGEN